

## Referat årsmøtet i Hordaland Sau og Geit 26. – 27. februar 2016 Hardangerfjord Hotell

Tradisjonen tro møtte årsmøte utsendingane og gjester til kaffi og rundstykke ved 17 tida.  
Praten gjekk godt og etter ei stund samas heile gruppa til fagleg påfyll.  
Fyrst ur var Landbruksdirektøren Hordaland Åse Vaag.

Åse Vaage takka for invitert! Ho begynte sitt foredrag med: "Det skjer mykje i saueholdet i Hordaland"! Så bra!

Nye Landbruksministeren har besøkt Hordaland og kva var då meir naturleg enn å besøka unge sauebønder.. Turen gjekk til Kvinnherad med besøk hos unge bønder som satsa i næringa.

Ho var innom Sponheim utvalet. Her blir det diskutert forenkling og omlegging i støtta til landbruket.

Andre tema som: Investering i næringa, rovdyra som nærmar seg, organisert beitebruk.

Ho stilte og spørsmålet: Kva kommer etter Ny Giv?

Til slutt ønska ho HSG til lukke med årsmøte.

**Reidar Johan Sandal oppsynsman i SNO.**

**Mine opplevelingar som oppsynsmann i Statens naturoppsyn:**

Reidar J Sandal holt eit flott lysbilde kåseri om sin arbeidsdag i SNO.

Med mange flotte historier og biletar frå høgfjellet.

Spesielt arbeide der han tar med seg ungdomen opp i høgfjellet og lærer dei både jakt og fiske.  
Han viste også korleis dei spora og registrere alt liv i høgfjellet.

Ein stor takk til Reidar for eit flott foredrag!

**Årsmøtemiddagen:** Årsmøtemiddagen med lam på menyen.

Johannes H. Sekse leia bordsete og hadde nokre "gode" historier på lager. Han las og frå boka "Fjordingen"

Reidar Sandal var med som gjest under middaggen. Han hadde nokre gode historier på lur...

Gåver for beste værar i Hordaland 2014 blei delt ut. Sjå: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Nytt dette året var at fylkesmester i Gjetarhund 2015 fekk herder. Dette er ordning HSG vil vidareføra. Fylkesmeste 2015 er Stein Dalland med hunden Jock.

Takk til Johannes for godt arbeid under middagen!

## **1. Opning av møtet**

John Karsten Raunholm:

Velkommen til Fylkesårsmøte i Hordaland Sau og Geit her i Kvam!

Han takka for den fine kvelden me hadde i lag i går.....

Raunholm var og innom det han kalla for ei lita mørk "sky" på himelen.

Han tenkte då spesielt på at Hordaland har hatt besök av rovdyr siste beite sommar.

### **Leiars tale:**

Leiar Nils Inge Hitland var innom mange tema i sin tale som til dømes:

- Eit godt år i lammeproduksjonen
- Treg vår, ja mange plasser ikkje vår, siste sauene på fjellbeite i august!
- "Ny Giv" Stor aktivitet, mange aktivitetar gjennom året! Når me målet som me har sett oss med fleire lam til slakt? Så langt ein auke på 5.3%! Stor ros til arbeidsgruppa- takk til alle lokallaga deira arbeid!
- Suksess at HSG er prosjekteigar.. ingen administrasjons kostnad.
- Ikkje sikker at dei store besetningane er det beste for Hordaland. Hordaland har knapphet på innmarksbeite med store områder med svært gode fjellbeiter.
- Rovvilt kan bli ei utfording i framtida.
- Liker ikkje utviklinga der ein bruker meir kraftfør i lammekjøttproduksjonen.
- Må samarbeidast meir med og utnytta utmarksbeite
- Må og arbeida fram ein sau som kan utnytta beite endå betre.
- Tilskot utmarksbeite må styrkast.
- Me som produserer lammekjøtt må bli ennå flinkare til og tilpassa slakting i forhold til etterspørsel.
- Også prisloypa må tilpassast i forhold til etterspørsel
- Takk til alle lokallaga for godt arbeid!

## **2. Namneopprop**

**Vedtak:** 7 lokallaga var ikkje til stades: Fusafjord, Granvin, Modalen, Røldal, Sveio, Tysnes og Øygarden

35 stemmebærtega til årsmelding & rekneskap. 40 med stemmebærtega til andre årsmøtesaker.

## **3. Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Godkjent

## **4. Val av 2 personar til å skriva under møteboka**

**Vedtak:** Gunnstein Sætre og Gjermund Seim. I tillegg til møteleiar John Karsten Raunholm.

## **5. Årsmelding**

Nils Inge Hitland la fram årsmeldinga for arbeidsåret 2015.

Audun Seilen la fram årsmeldinga Gjetarhund.

Ole Johan Eidsnes la fram årsmeldinga Beiteutvalet  
Ove Holmås la fram årsmeldings Avlsutvalet  
Kom spørsmål/kommentarar som:

- Anne Kristin Toning: Kan ein få til kurs i bruk av heimesida?
- John Karsten Raunholm: Trenger HSG både heimeside og Facebook?
- Kristian Nordgård: Fortsett med Ny Giv, viktig for oss nye i næringa
- Alf Angelskår: Prøv og få tak i midlar slik at HSH kan drive med utvikling av sauebønder.
- Jon Karsten Raunholm: Ta dette opp som tema under leiarsamlinga 2016.
- Bjarne Berge: Laushundar ei utfordring- må få ut info om laushund- burde dette vore eit tema?
- Anita Jordalen: Hugs lik info til beitlag småfe/storfe

**Vedtak: Godkjent**

## **6. Rekneskap**

Nils Inge Hitland la fram rekneskapen for 2015.

Rekneskapen for 2015 har ein underskåt på kr. 104.692.-. I årsmeldinga er det med ei forklaring kvifor ein kom ut med underskåt. Sjå årsmeldinga på heimesida under rekneskap: <http://www.nsg.no/hordaland/>

**Vedtak: Godkjent**

## **7. Val av leiar**

**Leiar for 1 år:**

**Nils Inge Hitland, valt med 37 stemmer 3 blanke**

## **8. Val av styremedlemmer**

**Val av 2 styremedlemmer for 2 år:**

- Reidar Kallestad valt med 35 stemmer, 5 blanke
- Arnt Bakke, valt med 38 stemmer, 2 blanke

## **9. Val av nestleiar**

- Reidar Kallestad valt med akklamasjon.

## **10. Val av vara medlemmer til styret for 1 år:**

- 1. vara Tor Arne Sandvik, Etne
- 2. vara Ola Steinsland, Bømlo
- 3. vara Else Hartveit Seilen, Osterøy

Alle valt med akklamasjon

## **11. Val av møteleiar til årsmøtet 2017 med vara**

- John Karsten Raunholm valt til ordstyrar i årsmøte 2017
- Audun Seilen valt til vara ordstyrar i årsmøte 2017

Begge valt ved akklamasjon.

## **12. Godtgjersle til leiar og styremedlemmer**

Leiar i valnemnda gjekk gjennom forslaga til godtgjersle for styreleiar og styremedlemmer.

### **Vedtak:**

Godtgjersle til leiar, medlemmer i styre og nemnder:

#### **Fast godtgjering:**

- **Styreleiar: kr. 24.000.- pr. år.**
- **Nestleiar: kr. 12.000.- pr. år.**
- **Leiar Gjetarhundnemnd : kr. 12.000.- pr. år.**
- **Leiar Avlsutval: kr. 12.000.- pr. år.**

**Møtegodtgjering etter NSG sine satsar for alle styremedlemmer og utvalsmedlemmer.**

**Kr. 1600.- for møte over 6 timer og kr. 800.- for under 6 timer og telefonmøte.**

## **13. Val av valnemnd til årsmøtet 2017**

- **Region 1: Kristian Nordgård, vara Arne Grindheim**
- **Region 2: John Karsten Raunholm, vara Christoffer Vierdal Vestvik .**
- **Region 4: Odd Midtbø, vara John Tommy Midtgård**  
Alle valt ved akklamasjon.
- **Steinar Steine valt for leiar 2017**
- **Odd Midtbø som vara.**

## **14. Høyringsvar til NSG på landsmøtefrekvens**

Denne saka har vert ute i lokallaga til høyring. 6 lokallag sava.

Styret hadde denne saka opp i styremøte 26. februar under Sak: 5/16 og gjorde følgande vedtak:

*"Det er 6 lokallag som har sendt svar på høyringa.*

*5 lokallag går for alternativ 2b og eit for alternativ 4.*

*Ut frå tilbakemeldingar frå lokallaga og diskusjonen i styret, bestemte styre seg for alternativ 2B."*

Saka blei lagt frå i årsmøte med dette vedtak:

**Vedtak: Årsmøte støttar Styret sitt vedtak og ber styret legge dette fram for NSG.**

## **15. Innkomne saker**

**Innkomen sak frå region1:**

*På regionmøte i region 1 var det semje om dette forslaget til årsmøtet i HSG. For å stimulere til meir verving og sikra inntekter til laga våre vil me foreslå at HSG løyver kr 500, til lokallaga for kvar ny medlem ein verva.*

*Mvh. Region 1*

*Mauranger,, Røldal Etne og Kvinnherad*

**Vedtak sak 6/16:** etter grundig diskusjon i styret, vil styret i HSG anbefala Årsmøte at HSG støttar netto hovudmedlemmer til lokallaga med kr. 500.-. Netto medlem ved kvart nyttår blir brukt som grunnlag for utbetaling. Vedtaket trer i kraft fom arbeidsåret 2016. Styret legger denne saka fram for årsmøte under sak 15: Innkomne saker.

Nils Inge la fram saka for årsmøte og begrunna vedtaket i styret.

Mange gode innspel og mange var einig at dette var ei god sak.

Årsmøte var ikkje einig med styret sitt vedtak at det berre skal gjelda netto hovudmedlemer.

**Vedtak :***Alle nye hovudmedlemmer i lokallaga skal støttast med kr. 500., pr. medlem. Medlemstall ved nyttår skal brukast som grunnlag. Saka skal evaluerast ved neste årsmøte*

**Sak frå Valnemnda HSG:**

*Under arbeidet i valnemda ser me eit forbetringspotensiale når det gjeld innkallinger til møter i HSG. Ein gjengangar dei siste åra har vore vararep. som ikkje stiller på styremøter, og me får som begrunning seine innkallinger. Lokallaga saknar også informasjon om kva som skjer i HSG. Freister difor å koma med forslag på korleis dette kan gjerast*

*Innkallinger til styremøter må skje med minst 14 dagars varsel (ev bestemme tidspunkt for neste styremøte som siste sak under inneverande møte) sakspapir må utsendast 1 veke før møtet. Kopi av innkallinga/ sakspapir blir også sendt til alle vararep og leiarane i lokallaga (kan hende lokallaget har innspel til sakene som skal handsamast). Etter møtet er slutt bør ein ha ein frist på kortid møtereferat skal vera godkjend og utsendast til styre og lokallag,*

Saka blei lagt dra for årsmøte av leiar i valnemnda.

Nils Inge Hitland tok ordet og beklaga därlege rutinar i styret.

Dette skal me ta tak i og viste til vedtak i styret under Sak 6/16

**Vedtak:** *Styret tar denne saka til etterretning og vil ha nye rutinar for arbeidet med innkalling og referat i tråd med lagslova.*

*Styret vil og anbefala dette vedtaket i årsmøte under sak 15: Innkomne saker.*

**Medlemskontingent NSG:**

**Nils Inge Hitland:**

Denne saka kommer opp på rep. møte i NSG. Saka er ikkje sendt ut frå NSG, difor er det vanskeleg og meiningar i denne saka.

Når saka kommer til styret vil styret behandla denne før rep. møte i NSG.

## 16. Arbeidsplan for 2016

Nils Inge la fram forslag til arbeidsplan for 2016.03.04

- Johs. Sekse: Klara me og få til ein fagtur til Staur i 2016?
- HSG planlegger tur til Troms 2017- er det interessa for ein slik tur?

Arbeidsplanen for 2016 finner du på: <http://www.nsg.no/hordaland/>

**Vedtak: Godkjent**

## 17. Budsjett for 2016

Nils Inge la fram eit budsjett i balanse for 2016.

I budsjettet er det er lagt til grunn at renteintekta kan bli endå lågare i 2016.

- Torgeir Lavik: Har HSG vurder andre stader for plassering av pengar enn bank?
- Nils Inge: Ja, men styret kan sjå på denne saka ein gong til.

Budsjett for 2016 finner du på: <http://www.nsg.no/hordaland/>

**Vedtak: Godkjent**

### Gjest:

#### Ove Holmås nestleiar NSG:

Ove er ein omgjengelege kar som størrar sitt Fylkeslag og held eit interessant innlegg om sauens og landbrukspolitikken.

Han var innom forhandlingsklia, der han meite at det er tøffare nå etter "blå/blå"

Regjeringa styrer landet,

Han var innom lagersituasjonen på sau/lam. Der det nå ser ut til at det blir produsert nok lam til det Norske marknaden.

Me må nok tenkja litt nytt og klara å levera lamma når marknaden etterspørsel lam

Tiltak som kan setjast inn er brattare prisløype –vektgrenser.

Sponheim utvalet ser på forenklingar i forhold til produksjonssøknaden.

Det er lett at noko døtt ut i ei omlegging så difor pass på. Slik at næringa ikkje taper i omlegginga.

Stikkord i forslaget er:

- Ny telledato
- Kvalitettilskotet lam pr. kg. Får me att kr. 500., pr. lam?
- Ulltilskotet (ikkje tilskot därlege klassar)

Han var og innom Jordbruksforhandlingane nå til våren. Han minna HSG om kor viktig der er at Fylkeslaga kjem med innspel. Ikkje berre innspel med prioritert oppsett for kva saker ein meina er viktigast.

NSG har utarbeid eit kurshefte for nye sauebønder. Dette kurshefte kan ein laste ned frå nettsida og halde kurs i lokallaga.

NSG har litt svakare økonomi. Men ingen dramatikk.

NSG skulle også hatt ein tilsett som arbeide med "politikk"! Dette blir viktig arbeid for og bli synleggjort i det politiske miljø.

NSG har stor fokus på rovdyr. Ørna er ei utfordring, vanskeleg og få tatt ut skadefugl!  
Ove ønskte årsmøte lykke til !

Spørsmål/kommentarar til Ove:

- Ola Steinsland: Får me behalda slaktetilskotet på sikt?
- Knut Sygnestveit: Slaktetilskotet bør skila mellom stort og lite lam
- Lars Norheim: Saka etter omlegginga av slaktetilskot frå 2015. Eg meiner det er uheldig og ta omkamp om slaktetilskotet.
- Bjarne Berge: Er det så uheldig med store lam?
- Alf Angelskår: Uheldiget for næringa med debatten "grise lam"
- Anita Jordalen: Viktig med dialog mellom alle faglag
- Reidar Kallestad: Der er ikkje personar i styret til NB som berre driv med sau. Er uheldig. Trenger personar i faglaga som brenn for sauens sake. Ein må og unngå at slaktetilskotet blir lagt på kg slakt.
- Kristian Nordgård: Trist at me har eit system der prognose påverkar forhandlingane.
- Ole Johan Eidsnes: Erstatning etter rovdyrtap variera frå kommune til kommune- skal det vara slik?

Nils Inge takkar for tilliten og avslutta med og takka alle dei "flotte" lokallaga i Hordaland!

Karluf Håkull  
Sek.

Møteleia

Jon Karsten Raunholm

*John Karsten Raunholm*

Gjermund Seim

*Gjermund Seim*

Gunstein Sætre

*Gunstein Sætre*